

HYRDINGEN

NR. 4

September 2015

ÅRGANG 57

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



SKAPAR FRAMTIDAS KYRKJE

14. september

Kyrkjevalet
2015



Ved kyrkjevalet 14. september kan du røyste på dei personane du ønsker å få inn i bispedømerådet og soknerådet der du bur. Alle medlemer av Den norske kyrkja har røysterett frå det året dei fyller 15. Di røyst skapar framtidas kyrkje! www.kyrkjevalet.no

Sideoversikt

Soknepresten har ordet	2	Min salme	4	Annonser og kunngjeringar	12
Hyrdingen treng medarbeidarar..	2	Anfin Skaaheim. Å forkynne....	5	Vikestølen	13
Redaksjonspennen	3	Soknerådsval	6-9	Møter og kunngjeringar	13-14
Gudsteneste i tunell-katedralen..	3	Trusopplæring.....	10	Gudstenester.....	14
Auksjon og loppemarknad	4	Gladjazz konsert i Skjold kyrkje	11	Frå kyrkjeboka	15
				Vi over 60	16



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland
Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3201.53.18049
Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,
5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idé, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Johannes Nedreliid, Eiotunet,
Pb. 60, 5588 Ølen
Tlf. 53 65 65 41 Faks 53 76 72 00
Privat 53 76 86 22

Epost: johannes.nedreliid@
vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12
ons kl. 12.30-14

Soknepresten i Skjold

Jon Ådnøy, Skjold kyrkje, Pb. 6,
5574 Skjold. Fax: 52 76 73 89
Tlf. 53 65 57 94
Mobil: 932 45 645

jon.adnoy@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Marit Hegrenes
Tlf. 53 65 57 96

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Vikedal kyrkjekontor,
Kyrkjevegen, Pb. 40, 5583 Vikedal
Mobil 413 25 280
harald.eintveit@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00
Fung. prost Arne Aurdal

Prostiprest Eldbjørg Andreassen:

Mobil: 952 46 234

Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Soknerådsleiarar:

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vikedal: Herdis Pedersen
Sandeid: Rakel Årak
Vats: Arild Urdal
Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug
Bjoa: Trond Ove Alvseike
Vikebygd: Brit Nelly Tveit
Skjold: Ottar Krakk

Soknepresten har ordet

Av Jon Ådnøy



Konfirmantar på perlejakt

«Folkeskikk. Å ta omsyn til andre. Bli vaksne. Og ingen har vontd av å pugga litt salmevers.»

Det er nokre tenkelege svar på spørsmålet «kva skal konfirmantar læra?».

Over hundre ungdommar i Vindafjord tek i desse dagar fatt på eit konfirmantår. Håpet er at dei skal sitja att med varige verdiar. Noko som både er vakkert og solid. Som toler møtet med det verkelege livet, som gjerne kan visast fram, som ikkje er noko å skjemmast over. Lik perler.

Kva kunne så det vera?

Dei skal gjennom dei ti boda, og det doble kjærleksboden – om å elskja Gud og nesten, og seg sjølv. Det med å kunna skilja litt mellom kjensle og tanke, og ikkje alltid la seg styra av første innfall. Skjøna at det ikkje er gull, alt som glitrar. At perler ved første blikk kan sjå ut som ein simpel småstein. Slike kunnskapar og haldningar kjem godt med, i arbeidsliv og familie, mellom vene og i samfunnet elles. Barnelærdomen er viktig å ha i verktøykassen for den som skal ut på livets landeveg.

Ein ting til:

Det står ei forteljing i Bibelen (Lukas 10, 38-42) om ein gong Jesus gjesta systrene Marta og Maria. Mar-

ta har mange frendar på våre kantar: Ho «hadde det så travelt med alt ho skulle stella til.» Ho hadde lært – av mor si og naboar, av heile den kulturen ho var ein del av – at ting skal vera skikkelege. Støvdottar skal vekk, oppvasken unna, kvar ting på sin plass. Det skal skina! Og så skal gjesten trakterast – er det godt nok, det me har i hus? For «alt det du vil andre skal gjera mot deg, det skal du gjera mot dei». Barnelærdomen er ikkje berre teori. Ho har han i ryggmargen. Det er henne.

Jesus kritiserer henne ikkje. Han konstaterer at ho gjer seg strev og uro med mange ting. «Men det er eitt som er nødvendig», seier Jesus. Han held fram Marta si syster Maria som førebilde. Ho som, då Jesus kom i hus, la alt anna vekk, og sette seg ned med han med alle sansar opne.

Å vera flinke, arbeida målretta og gjera nytte for oss – det er me gode til. Men eit menneske treng tider og stader då det får trekka pusten djupt, anda ut og undrast, over seg sjølv og Livet og Gud. Finna svar som held vatn. Og læra seg å leva med det i livet som det ikkje finst enkle løysingar på.

Det er vår tru at tråden som kan halda perler samla, er Jesus Kristus.

Hyrdingen treng nye medarbeidarar

Tar du utfordringa?

Kvinne, mann, ung eller vaksen.

Det er i dag 4 faste medlemmer i redaksjonskomiteen for Hyrdingen. I tillegg til ynskje om utskifting frå eitt medlem, så er det er ynskjeleg å auka talet til fem.

Ta kontakt med redaktøren på tlf 908 73 170 om du kan tenkja deg å vera med på å skaffa stoff og redigera kyrkjebladet.



Redaksjons- PENNEN



Av Steinar Skartland

Eg ser på eit gammalt bilet. Ei gruppe godt vaksne menn i dress, kvit skjorte og slips. Dei er på jordskifte i bygda. Synfaring på jorde eller skogeigedom. Å bli spurd eller utvald til eit tillitsverv var ei ære, tidlegare. Ein kledde seg opp i respekt for tenesta ein var utvald til. Dei kjende seg viktige i rolla, sjølv utan høg utdanning og løn. Skulle få delta i styre og stell.

Denne gongen handlar mykje om val til sokneråd og bispedømmeråd. Det har vorte vanskelegare å få folk til å stilla seg til disposisjon for val nå. Fleire sokneråd må stille lyster med færre namn enn det er krav til. Folk gjer sine val – og vel bort tillitsvervet dei blir spurde om å ta på seg. Men det er viktig å ha nokon som seier ja! Tusen takk til deg som vel å delta og ta ansvar i kyrkjelyden i di bygd. Det er ei viktig teneste du går til. Den gjer at born får trusopplæring og kyrkjedørene er opne for folk i helg og kvardag, glede eller i sorg. I kyrkevalet kan ein delta alt frå fylte 15 år, så still opp på valdagen!

Som menneske står vi overfor mange val i livet. Nokon ber om hjelp, andre flyktar frå krig og forfylging og ber om vern og husrom, kva vel vi å svara?

Bibelen talar også om eit val. Om å seia ja til å gje Gud vil gje oss gratis: frelse i Jesu namn, eller å velja bort dette. Bibelen forkynner at Gud er glad i oss: «For så høgt elskar Gud verda....». Det handlar om tru, men vi må gjera våre val.

Godt val!



Kontrasten mellom det mørke, kalde rommet og ljosaflaumen frå sommardagen utanfor var slåande og talande.

Gudsteneste i tunell-katedralen

Av Gunnar Listog

Kyrkjelydane i Skjold og omliggende bygder greidde ikkje heilt å fylle den 360 meter lange Vikane-tunnelen då den provisoriske kyrkjeklokka kima inn til gudsteneste søndag 21. juni. Men tek ein litt kraftig i, var det ikkje så mykje om å gjera.

I ein tunell-katedral er oftast gjennomtrekkeneffekten ei utfordring for både prest, organist, kyrkjetenar og kyrkjelyd. Heldigvis hadde dei fleste sikra seg i høve denne, for flesteparten var godt kledd i ullkledde, vinterjakker, vottar og lue. Til

og med stolar til å sitja på kom folk dragande med.

Jon prest heldt ei optimistisk tale. Det hadde han verkeleg grunn til siden ljoset kom rikeleg strålande frå både endane av tunnelen. Akustikken var glimrande. Songen og musikken gav ein fantastisk etterklang i denne bogeforma kyrkja. Det er tydeleg at vegingenørane kan dette med akustikk i tunellar.

Dessverre ser det ut som det vert berre med denne eine gongen. Prosjektleiar Opedal kunne etter gudstenesta fortelja at prosjektet låg om lag to månader føre tidsplanen, så i august ein gong vil det sakrale bli erstatta av det bilistiske. Gudstenesta vart minnerik for mange.



Kyrkjekaffi etterpå gjorde godt.

Vellukka auksjon og loppemarknad i Vikedal



Av Tone Andreassen

Laurdag 25.juli arrangerte Vikedal sokneråd i samarbeid med arbeidsgruppa for kyrkjelydshuset, auksjon og loppemarknad på Vikedal Bygda-hus. Denne laurdagen møtte folk i hopetal. Før marknaden opna stod folk i kø for å komme inn i lokalet for å gjere eit godt kjøp. Borda bugna av ulike gjenstandar, alt frå barneleikar, kjøkkenutstyr og krys-tall til møblar og bøker. Her var noko for einkvar smak.


Gruppa "Syng og spel" skapte god marknadsstemning med flotte musikkinnslag for alle dei som venta på at marknadslokalet skulle opne dørene. Ottar Andreassen og Bjarne Hjelvik var dei som stod for auksjonen. Mange flotte gjenstandar kom under hammaren. Handel for

nokon, underhaldning for andre. Alt vart seld med godt økonomisk resultat. I salen føregjekk loppehandelen for fullt. Folk handla og fekk med seg mange fine "lopper" til svært gode priser. Marknadsfolket såg ut til å kose seg denne dagen. På "loppekafeen" kunne ein kjøpe seg lapskaus, kaffi og kaker. Blant dei frammøtte kunne ein høre "Dette må bli ein tradisjon" eller "De skal vel lage til loppemarknad neste år også?" Me i komiteen for marknaden kan love at det blir loppemarknad og auksjon til neste sommar også.

Vikedal sokneråd og arbeidsgruppa for kyrkjelydshus vil rette ein stor takk til alle om gav gjenstandar til marknaden, til alle som kom på marknadsdagen og til slutt ein stor takk til alle dei friviljuge som hjelpte til i dette arbeidet. Totalt kom det inn kroner 57.000,-.

Min salme

Av Hans Asbjørn Aasbø



Nr 99 i sangboken:

Lov Jesu navn og herredom

Etter nærmare vurdering fall valet på ein av dei to velkjende salmane av jærdiktaren Arne Garborg. Og nettopp den han omsette frå engelsk: «All hail the power of Jesus name», av Edv. Perronet.

I Garborgs frie omsetjing vart dette til: Lov Jesu navn og herredom. Songen kom på norsk i 1898 med den kjende tonen av Wilh. Shrubsole (1799). Me kan undrast: Kor fann Garborg denne songen, og kva inspirerte han til omsettjing? Kanskje kona Hulda kom hjelpende til?

Songen vart vel motteken i kyrkja, som i bedehus, og er å høre også nå. Særleg er det Lovprisinga i siste del av kvart vers som pregar songen. «Kron han, kron han», gjentek me 4 gonger i kvart av dei 4 første versa. Det er Frelsaren vår me skal krona til konge. Og i kvart vers vert me minna om rike grunnar til dette: «Kved kongskvad for den Herre stor» i vers 2 og «Pris han som nåde gav for rett» i vers 3. Og i vers 4 vender han seg til sine eigne:

«Kvart folk i kvar ei heimsens bygd, Her under soltjeld blått, Gjev han åleine herrehøgd.»

Dette er ei lyrisk lovprising til Han som nåde gav for rett. Heile diktverket må kunne sidestillast med den bibelske lyrikken.

Vers 5 er dikta av John Rippon, - tysk prest. Verset gjev fullverdig avslutning, der hyllinga vert retta inn mot Herren sjølv – mot Jesus - av all vår hug og hott:

Syng songen ny for Jesus kjær. Ja, måtte me som les og syng dette, få ta del i den nye Songen!

1 Lov Jesu namn og herredom,
høg englar i hans slott!

Ber krona fram med hyllingsljom, og kron han,
kron han, kron han, kron han allheims drott!

2 Du vitneflokk i himmelkor
Som tolmods krans har nått,
Kved kongskvad for den Herre stor,
Og kron han, kron han allheims drott!

3 Du frelseste hær av Adams ætt,
Løyst ut av naud og nott,
Pris han som nåde gav for rett,
og kron han, kron han allheims drott!

4 Kvart folk i kvar ei heimsens bygd
Her under soltjeld blått,
Gjev han åleine herrehøgd,
Og kron han, kron han allheims drott!

5 Ja, gjev me med Guds kvite hær
Av all vår hug og hått
Syng songen ny for Herren kjær,
Ofor Jesus, Jesus, allheims drott!

Anfin Skaaheim

«Å forkynne er det jeg helst av alt vil»

Intervju ved Arne Borgemyr

Anfin Skaaheim var på Lundeneset i starten på august der han hadde bibeltimer på leiren Vi over 60. Han er en kjent og høyt verd-satt forkynner i hele landet og også i våre områder. Heile 90 del-takere var deltakere på leiren, og mange fra bygdene rundt skolen var innom på møter og bibeltimer. Hyrdingen fikk et intervju med han før han reiste heim til Asker.

Selv om Skaaheim nå er 76 år, forteller han at han stort sett er ute annenhver helg i vinterhalvåret på bibelhelger og forkynneroppdrag. Han har ei lang og aktiv tjeneste bak seg i ulike posisjoner i norsk kristenliv. I 12 år var han generalsekretær i Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag. Så ble han kalt som generalsekretær i Indremisjons-selskapet, ei stilling han også hadde i 12 år til Indremisjonen og Santalmisjonen vedtok å fusjonere. Da lovet han å være generalsekretær for den fusionerte Normisjon i overgangen, og han stod i denne stillingen i 3 år. Det er nok ikke så mange som har vært 27 år i slike toppstillinger i de kristne organisasjone.

Har alltid likt best å forkynne Guds ord

Selv om han nå er langt over pensjonsalder, blir han invitert inn i mange kristne sammenhenger for å dele de bibelske sannhetene. - Ja, jeg fortsetter med det som jeg alltid har likt best, å forkynne Guds ord. Nå var det en god opplevelse å komme til Lundeneset og bli litt kjent med denne skolen og møte kjente og nye mennesker disse dagene. Jeg har ofte vært på Stemnestaden i Grinde og andre steder på Haualandet, men Ølen har jeg bare passert, forteller han.

Jesus som en gave

- Hva er det du har delt med misjonsvennene på Lundeneset disse fire bibeltimene? - Ja, det er om dette med å se på livet som en gave. Først snakket jeg om livet som en gave fra Gud og så om Jesus som en gave til oss. Han gjorde det mulig ved sin død på korset og ved oppstandelsen. Han gir oss en frelse som har et positivt innhold, nemlig at vi skal få lov å leve for Guds ansikt og regne med tilgivelse, nåde og forsoning og få lov å ha et evig livs håp. I siste timen snakket jeg om hva gode gjerninger er godt for. I andre

De kristne privatskolene er uhyre viktige

Skaaheim har fulgt de kristne skolene tett. Han vokste opp på en folkehøgskole der far var rektor. Senere besøkte han alle skolene til Indremisjonsselskapet, nesten 30 skoler, da han ble leder der, og han ser den store verdi-en skolene har for mange unge. - De kristne privatskolene er uhyre viktige for mange mennesker, slår han fast.

Benytt stemmeretten ved kirkevalget

Anfin Skaaheim er teolog og prest, og vi spør han om hvilken betydning det forestående valget av representanter til bispedømmene har for vår kirke.

- Jeg er veldig spent – og litt bekymret – for valget.

Hvis vi får en sammensetning av kirkemøtet som går inn for et annet enn det bibelske syn på ekteskap og samliv, så er vi inne i en nokså dyp krise. Den er der allerede, for vi merker spenningen både i ledelsen og i lokalmenigheter. Det er grunn til å be om at valget faller ut slik at vi ikke får noen endring når det gjelder kirkens praksis, ikke minst når det gjelder vigslig. Hvis vi får en endring i kirkens

vigselspraksis og ekteskapssyn, har vi ført splittelsen inn i de aller fleste menigheter. Det er i så fall en dramatisk endring som skjer. På noe sikt tror jeg de store organisasjonene må komme sammen og finne en felles måte å forholde seg til denne utviklingen i kirken, legger han til når jeg ber om en respons på at Misionssambandet nå oppretter eget kirkesamfunn.

- Det er viktig at alle benytter stemmeretten ved dette valget, finner ut hvem som står for det bibelske syn i disse spørsmålene og stemmer på dem. Det er det som kommer til å avgjøre hva kirkemøtet gjør, for kirkemøtet består i stor grad av medlemmene fra bispedømmerådene. Derfor oppfordrer jeg alle til å gå og stemme, avslutter Skaaheim.



religioner er det snakk om å prestere overfor gud. I evangelisk kristen tro er det gjerninger vi på Guds vegne skal få gjøre for andre.

«Humor er noe Gud har gitt oss»

Skaaheim hadde også en time der han fortalte morsomme historier han har samlet gjennom livet med utsikt fra talerstolen og ellers. Det har forresten blitt 3 bøker av disse historiene. Han fortalte blant annet om sitt første vitnesbyrd som ungdom på en folkehøgskole. Han var ikke forberedt og tok til ei sangbok som lå der.

- Jeg leste verset «Gamle Norig, nordst i grendum». Alle var alvorlige og stille etterpå og dette var nok ikke mitt beste vitnesbyrd, forteller han.

Kandidatlister til soknerådsvala i Vindafjord

Valet går føre seg mandag 14.09.2015, klokka 12:00-20:00

Imsland sokn

Røystelokale: Imsland bygdahus

1. SIGMUND ESPEVOLD, 64 år
2. MARITA KVITNO STAURLAND, 37 år
3. STURLA SKIBEVÅG, 62 år
4. BERIT KARIN HAUGLAND, 59 år
5. JAN ILSTVEIT NORDTVEIT, 55 år
6. SIV HELEN LIE OLSEN, 47 år
7. BJØRN MO, 51 år
8. LIV NORUNN BAKKEDAL, 63 år
9. HANS ILSTAD, 40 år
10. LIV HOFF IMSLAND, 66 år
11. JOLAUG SÆLE KALDEHIM, 53 år

Det skal veljast 6 medlemer og 5 varamedl.



Sandeid sokn

Røystelokale: Sandeid samfunnshus

1. TORE TOKHEIM, 54 år
2. INGER SOFIE MELING, 60 år
3. JOHAN GEORG VESTBØ, 75 år
4. HJØRDIS MARIE TESDAL BERG, 58 år
5. GUNNAR HÅLAND, 61 år
6. LEIKNY HAUGLAND STOPLE, 58 år
7. RUNE VESTBØ, 50 år
8. MONICA HENRIKSEN LEITE, 47 år
9. ANDREAS JANSEN, 25 år
10. OLAUG MARI ØEN, 40 år
11. KJETIL LARSEN, 26 år

Det skal veljast 6 medlemer og 5 varamedl.

Skjold sokn

Røystelokale: Skjold Arena, Vikaneset

1. KARI SYNNØVE VELDE HAUGEN, 43 år
2. ANNE KRISTINE LILLESKOG ANDERSEN, 58 år
3. SIGMUND EGGEBO, 65 år
4. GUNNBJØRG NESBU, 35 år
5. ØYSTEIN KALSTVEIT, 65 år
6. KIRSTI MEDHAUG HJELMELAND, 23 år
7. BENTE HELEN ØREN, 44 år
8. GEORG BAKKE, 52 år

Det skal veljast 5 medlemer og 5 varamedl.

Skjold og Vikebygd får felles sokneråd.

Vikebygd sokn

Røystelokale: Vikebygd bygdahus

1. BRIT NELLY NESS TVEIT, 53 år
2. ØYVIND VALEN, 57 år
3. DAG HANS NAGEL-ALNE, 52 år
4. LINDA LANGELAND, 35 år
5. AUD JORUNN TORDAL, 50 år

Det skal veljast 3 medlemer og 5 varamedl.

Ekstra namn kan først opp i tillegg.

Skjold og Vikebygd får felles sokneråd.

Vats sokn

Røystelokale: Vindafjordhallen

1. ARILD URDAL, 61 år
2. GRETE SKEIE SØRHUS, 56 år
3. TORGEIR SØRHUS, 31 år
4. INGA LILL HÅKULL, 62 år
5. HALDOR SKARE, 48 år
6. LILL-INGER ANDRESEN VELDE, 31 år
7. OLAV FRØLAND, 22 år
8. ASLAUG TORHILD ØSTREM NESHEIM, 49 år
9. ASTRID ANNE STRAND, 55 år
10. MARY ANN MANNES LANDA, 49 år
11. ELISABETH STOPLE GREGERSEN, 35 år

Det skal veljast 6 medlemer og 5 varamedl.

4. Siri DJUVE, 50 år

5. LEIV KARSTEN MEDHAUG, 60 år

6. AINA LUNDE, 56 år

7. MAGNUS RYDLAND, 51 år

8. OLAV GRANBERG, 60 år

Det skal veljast 5 medlemer og 5 varamedl.
Ølen og Bjoa får felles sokneråd.

Bjoa sokn

Røystelokale: Bjoa skule

1. AGNAR STÅLE NAUSTDAL, 67 år,
2. ODD JOHANNES LIEN, 59 år,

Det skal veljast 3 medlemmer og 5 varamedl.

Ølen sokn

Røystelokale:

Vågen bygdasenter og Ølen kulturhus

1. PER ØLFARNES, 54 år
2. AUD WENCHE KLUNGLAND, 60 år
3. ØYVIND BERGE, 58 år

Nokre av sokna har færre namn på lista frå no-

minasjonskomiteen enn det som skal veljast.

Kyrkjeverja opplyser at røystaren her kan føra opp fleire namn for hand.

Kyrkjevalet vert halde samtidig med kommunestyre- og fylkestingsvalet. Det finn stad i eit lokale med like ved til det offentlege valet. Valkortet fortel om stad og opningstid til vallokalet. Ta kontakt med soknerådet eller kyrkjekontoret dersom du ynskjer å førehandsrøyste. Førehandsrøysting i eigen kyrkjelyd kan gjerast i tida 10. august til 11. september.

Kandidatar til bisbedømerådsvalet i Stavangerbispedøme



Namn: **Gyrid Espeland**
 Yrke: **Seksjonssjef** Alder: **62** Sokn: **Eigerøy**
Erfaring: Medlem i Stavanger bispedømmeråd. Medlem av styret i Kirkens arbeidsgiverorganisasjon og Kirkelig dialogsenter Stavanger. Menighetsråd. Kyrkjeleg Fellesråd. Nettverk for kvinner i Dalane. Medlem av styret i Dalane folkemuseum. Styremedlem i Tekna. Medlem av Teknas etiske råd. Tilsett i Mattilsynet.
Satsings-områder: Open og inkluderande folkekyrkje. Meir himmel på jord. Barn og unge. Fattigdomsutfordringar og miljø. God leiing. Størst av alt er kjærleiken.
Vigsel/forbønn for likekjønna: Vigsel: Ja Forbønnshandling: Ja



Namn: **Leif Christian Andersen**
 Yrke: **Sjukepleiar** Alder: **30** Sokn: **St.Petri**
Erfaring: Medlem i Stavanger bispedømmeråd. Deltatt i Ungdommens Kyrkjemøte. Medlem av Ungdomsrådet, Stavanger bispedømme. Medlem i Mellomkyrkjeleg råd. Politisk engasjert på kommune- og fylkestingsnivå. Tilsett ved Stavanger Universitetssykehus. Speidar, kor, korps og ungdomsarbeid.
Satsings-område: Ungdom og unge voksne. Skaparverket og miljø. Diakoni og folkekyrkja. Dialogarbeid.
Vigsel/forbønn for likekjønna: Vigsel: Ja Forbønnshandling: Ja



Namn: **Marie Klakegg Grastveit**
 Yrke: **Rekneskapsmedarbeidar** Alder: **30** Sokn: **Frøyland og Orstad**
Erfaring: Medlem i Stavanger bispedømmeråd. Administrasjonsleiar i kyrkjelyd. Ulike oppgåver i lokalt kyrkjelydsarbeid. Tilsett i SUM regnskap
Satsings-område: Kyrkjelydane og lokalsamfunnet. Konfirmantarbeid. Arbeid for unge voksne. Effektivisering. Hensiktsmessige strukturar
Vigsel/forbønn for likekjønna: Vigsel: Nei Forbønnshandling: Nei



Namn: **Svein Helgesen**
 Yrke: **Pensjonist/konsulent** Alder: **67** Sokn: **Mosterøy**
Erfaring: Varamedlem i Stavanger bispedømmeråd. Styreleiar i Menighetsfakultetet og Kristent Pedagogisk forum. Styremedlem i IKO. Ordførar. Fylkesvaraordførar. Statssekretær i KUF. Styremedlem i Høgskolen i Stavanger. Mentor i trusopplæring. Frivillig teneste.
Satsings-område: Trusopplæring. Kyrkjelydsutvikling. Rekruttering, Pilegrimsarbeid.
Vigsel/forbønn for likekjønna: Vigsel: Open/uavklara Forbønnshandling: Ja



Namn: **Sofie Braut**
 Yrke: **Kulturformidlar** Alder: **38** Sokn: **Time**
Erfaring: Klokkar. Engasjert i lokalt barnearbeid. Lektor i vidaregående skole.
Satsings-område: Engasjerande bibelformidling. Utrustning og indre vekst. Livsnær forkynning
Vigsel/forbønn for likekjønna: Vigsel: Nei Forbønnshandling: Nei



Namn: **Arne Jon Myskja**
 Yrke: **IT-rådgjevar** Alder: **62** Sokn: **Nedstrand**
Erfaring: Leiar i sokneråd. Korleiar og aktiv i barne- og ungdomsarbeid. Sekretær i Norges KFUK-KFUM, Ten Sing. Tilsett i IT-bransjen
Satsings-område: Kommunikasjon/forkynning. Musikken som formidlar. Engasjement og inspirasjon. Gudstenesta er vår møteplass
Vigsel/forbønn for likekjønna: Vigsel: Ja Forbønnshandling: Ja



Namn: **Sara Louise Igelkjøn Emmerhoff**
Yrke: **Student** Alder: **20** Sokn: **Skåre**
Erfaring: Kyrkjetenar og diakonmedarbeidar, søndagsskulearbeidar. Medlem i trusopplæringsutval. Ten Sing og speidrararbeid. Koordinator for Ny generasjon, Haugesund.
Satsings-område: Ungdommar – konfirmantar. Binde saman generasjonar. Uredd bodskap til folket. Ei kyrkje for alle.
Vigsel/forbønn for likekjønna: Vigsel: Nei Forbønnshandling: Nei



Namn: **Torhild Nødland**
Yrke: **Sosiallærer** Alder: **53** Sokn: **Bogafjell**
Erfaring: Leiar av menighetsråd og leiar av Kyrkjeleg fellesråd. Medlem av barne- og ungdomsutval. Landsrådsmedlem i Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon, Kommunepolitikar. Tilsett i Sandnes kommune.
Satsings-område: God personalpolitikk. Dåp og trusopplæring. Menighetsplanting. Folkekirkjas muligheter. Tverrfagleg samarbeid.
Vigsel/forbønn for likekjønna: Vigsel: Nei Forbønnshandling: Nei



Namn: **Aslaug Louise Kongshavn**
Yrke: **Lektor** Alder: **28** Sokn: **Kopervik**
Erfaring: Medlem av sokneråd. Tilsett i Rogaland fylkeskommune, Kopervik vgs .
Satsings-område: Barn-trusopplæring. Ungdoms- og utviklingsabeid. Kultur inn i kyrkja. Takhøgde og runde kantar. Likekjønna ekteskap.
Vigsel/forbønn for likekjønna: Vigsel: Ja Forbønnshandling: Ja



Namn: **Laila Marie Steinsvik**
Yrke: **Helsesøster** Alder: **64** Sokn: **Jørpeland**
Erfaring: Medlem av sokneråd og leiar av fellesråd. Søndagsskolelærar. Barnelagsleiar. Medlem av kommunestyre og formannskap. Varaordførar. Tilsett i Strand kommune.
Satsings-område: Barne- og ungdomsarbeid. Misjonsarbeid. Forvaltaransvar. Klimautfordringane.
Vigsel/forbønn for likekjønna: Vigsel: Nei Forbønnshandling: Nei



Namn: **Eivind Sandvold Pettersen**
Yrke: **Økonom** Alder: **32** Sokn: **Stavanger domkirke**
Erfaring: Medlem i menighetsråd. Tilsett i oljebransjen.
Satsings-område: Dåp og trosopplæring. Ungdomsarbeid. Unge vaksne, 25 år og vidare. Tilbod til einslege.
Vigsel/forbønn for likekjønna: Vigsel og forbønnshandling: Uavklara.



Namn: **Hjalmar Joralf Arnø**
Yrke: **Seniørrådgjevar** Alder: **50** Sokn: **Riska**
Erfaring: Leiar menighetsråd. Medlem av kretsstyret i KFUK-KFUM og regionstyret i Normisjon. Medlem av tilsynsrådet ved Kriminalomsorgens fengsler. Tilsett hos Fylkesmannen.
Satsings-område: Dåp og trosopplæring. Fokus på misjon. Engasjement i samfunnslivet.
Vigsel/forbønn for likekjønna: Vigsel: Nei Forbønnshandling: Nei



Namn: Jostein Ådna
Yrke: **Professor i NT** Alder: **60** Sokn: **Stokka**
Erfaring: Medlem av to menighetsråd. Medlem av Den norske kyrkja si lærenemnd. Fleire nasjonale og internasjonale verv. Vitskapleg assistent i Tübingen. Doktorgrad i teologi. Tilsett på Misjonshøgskolen.
Satsings-område: Trusopplæring, også for vaksne. Samarbeid kyrkjelyd og misjon. Gudstenesteliv. Vern menneskeverd og skaparverk. Reformasjonsjubileet 2017.
Vigsel/forbønn for likekjønna: Vigsel: Nei Forbønnshandling: Nei



Namn: **Kjetil Espeland**
Yrke: Student Alder: **22** Sokn: **Nærø**
Erfaring: Leiar i søndagsskulen. Tillitsvalt i Forsvaret.
Satsings-område: Halde kyrkja som eit lågterskeltilbod. Søndagsskulen. Ungdomsarbeid. Bibelsk lære.
Vigsel/forbønn for likekjønna: Vigsel: Nei Forbønnshandling: Nei



Namn: **Astrid van Zijp**
Yrke: Pensjonist Alder: **65** Sokn: **Sand**
Erfaring: Soknerådsleiar. Frivillig klokkar. Medlem av diaconiutval. Leiar i kristent barne- og ungdomsarbeid. Medlem av bedehusstyre. Lærar. Verneombod. Plassstillsvald.
Satsings-område: Trusopplæring. Diakoni. Barne- og ungdomsarbeid. Gje folk sterkare tilknyting til kyrkja.
Vigsel/forbønn for likekjønna: Vigsel: Ja Forbønnshandling: Ja



Namn: **Rolf Magne Haukalid**
Yrke: **Bonde og veterinær** Alder: **36** Sokn: **Forsand**
Erfaring: Leiar av bedehusstyre. Medlem av kommunestyre. Sjølvstendig næringsdrivende. Ungdoms- og unge vaksne arbeid.
Satsings-område: Formidling av Guds ord. Bibeltruskap. Barn og unge
Vigsel/forbønn for likekjønna: Vigsel: Nei Forbønnshandling: Nei



Namn: **Svein Magnus Munkejord**
Yrke: **Seniørrådgjevar** Alder: **66** Sokn: **Kopervik**
Erfaring: Medlem av menighetsråd og kyrkjeleg fellesråd. Frivillig klokkar. Medlem av kommunestyre og formannskap. Komiteleiar i Norges forskningsråd. Statssekretær og fiskeriminister. Tilsett i Fiskeridirektoratet i 40 år inntil april 2015.
Satsings-område: Oppslutning om gudstenesta. Trusopplæring. Kyrkja si plass og rolle.
Vigsel/forbønn for likekjønna: Vigsel: Uavklara/Ja Forbønnshandling: Ja



Namn: Ruben Frestad Bergseth
Yrke: **Distriktsmedarbeidar** Alder: **20** Sokn: **Klepp**
Erfaring: Konfirmantleiar. Leiar i barne- og ungdomsarbeid. Ungdomsarbeidar/eittåring. Distriktsmedarbeidar og styremedlem i KRIK. Politisk engasjert på lokalnivå. Tilsett i KRIK.
Satsings-område: Ungdomsarbeid. Leiarutvikling. Fornying.
Vigsel/forbønn for likekjønna: Vigsel og forbønnshandling: Uavklara

Oversikt trusopplæring i Vindafjord

Av Britt Karstensen

Planarbeidet for trusopplæringa i Vindafjord med tilbod til alle born 0-18 år er godt i gong. Foreløpig har vi tiltak som de ser i tabellen nedenfor. Etter kvart blir det ei gradvis ut-

bygging for alle aldersgrupper i åra som kjem.

PS -Desse tiltaka kjem i tillegg til dei mange lag og organisasjonar som allereie driv gode kontinuerlege tiltak i bygdene og skal ikkje konkurrere med desse. Tvert imot vil vi

prøve å samkøre der det er naturleg og gjere kvarander endå betre. Følg med på plakatar mm for nærmare informasjon om desse aktivitetane.

Dette skuleåret har vi desse faste tiltaka i Vindafjord i tillegg til konfirmasjonsførebuinga:

0-1 år Babysong	4 år laurdagssamling + gudst- neste	1.klasse 4 samlingar + gudst (Den Store Skattejakta)	5.klasse gudst m/utdeling av Biblar + Lys Vaken og vinterleir
Felles kurs for alle i Vindafjord. 10 samlingar per kurs. Haust- kurs både i Ølen (tysdagar) og Skjold (torsdagar). Brosjyre med påmeldingsinfo på helse- stasjonen + kyrkjekontora eller kontakt kateket Britt:tlf. 452 21 580/ britt.karstensen@vindafjord. kommune.no	5-6/9: Bjoa, Vikebygd 12-13/9: Sandeid 19-20/9: Vats 26-27/9: Skjold 17-18/10: Ølen 21-22/11: Vikedal	28/2/16: Sandeid, Skjold 6/3/16: Vikedal, Vats 13/3/16: Ølen, Imsland, Vike- bygd (Bjoa har tiltaket i 2017, Imsland inviterer fleire kull)	29/11/15: Ølen 6/12/15: Bjoa 3/1/16: Imsland 17/1/16: Sandeid, Skjold 24/1/16: Vikedal, Vats, Vike- bygd
	Bjoa og Imsland har små kull og kører opplegget an- nakvart år med fleire årskull i lag. I år inviterer Bjoa 3-åringane i tillegg til 4-åringane. Imsland har samling hausten 2016.	Dataane gjeld avslutningsgud- stenestene. Dei fire samlingane kjem før denne, dataane er ikkje klare for alle desse enno. Opp- start etter nyttår.	Lys Vaken blir arrangert 28.- 29.nov 2015 (tilbod i dei fleste kyrkjelydane). Felles vinterleir for alle 5.klas- singane i Vindafjord 29-31.jan 2016 på Brandøy.

I tillegg kjem vi til å prøve ut litt
ulike ting for nokre aldersgrupper i
nokre kyrkjelydar. Vi tar direkte kon-
takt med dei det gjeld.

Invitasjonar til alle tiltaka kjem i
posten til alle som er tilknytta kyrkja
i medlemsregisteret. Andre born er
også hjarteleg velkomne, men vi har
ikkje oversikt og kontaktinformasjon

til desse. Om nokre ikkje har tilhøy-
ring til Den Norske Kyrkja, men yns-
kjer å ta del så ta kontakt med oss
så skal dei sjølvsagt få være med!

NYTT: VI ER NO OGSÅ PÅ FACE-
BOOK!

Du finn oss på «Trusopplæring
Vindafjord». Her vil vi legge ut opp-
dateringar etter kvart. Vi er i startfa-

sen her også så foreløpig har vi ei
side som dekkjer heile Vindafjord.
Etter kvart blir det nok ei side for
kvar kyrkjelyd slik at de lett kan fylge
med på kva som skjer.

Ei heimeside er også under oppar-
beiding for alt som skjer i kyrkjene i
Vindafjord.

Møteserie på Isvik Bedehus

Av Børge Løype

Til hausten vert det møteserie på
Isvik Bedehus ved Den Indre Sjø-
mannsmisjon. Talarane vert dei
gode venene våre som har vore her
fleire gonger tidlegare: Paul Mattis
Nørstebø og Georg Kallevåg. Mø-
teserien startar onsdag den 28. ok-
tober, og held fram til og med onsdag
den 11. november. Møtetid vert
kvar kveld kl. 19.00, med unnatak av
måndagane.

Mange av oss hugsar sikkert dei
fine teltmøta me hadde både i Skjold
og Vats for tre år sidan. Seinare
hadde me ei fin møtehelg på Isvik
Bedehus. Då kom det folk frå heile

distriktet. Slik vil me gjerne at det
skal verta denne gongen også. Me
inviterer alle generasjonar til gode
samlingar om Guds Ord og eit godt
fellesskap på bedehuset.

Ver med å be for møteserien. Be
for talarane og for tilhøyrarane. Be
om at Guds Ord må nå ut til folket i
bygdene våre, og at det må nå inn i
hjarta til einskildmenneske!



*Midt i nattens mørke blinker som et fyrlys Jesu navn
Og hver hjelpløs seiler vinker inn til frelsens trygge havn.
Og når solen mer ei Skinner, Jesu-navnet lyser enn.
Da den frelseste skare synger høyt dets pris i himmelen*

Gladjazz konsert i Skjold kyrkje

Miriam Mandipira & New Orleans Jazz Cab

Av Steinar Skartland

Då Miriam Mandipira & New Orleans Jazz Cab kjørte i gong med gladjazz-konsert i Skjold kyrkje torsdag 6. august, kunne Liv Svendsen ynskja ei mest fullsett kyrkja velkommen. Dei 210 som ville få med seg kyrkjekonserten fekk ei fantastisk flott stund, der rytmen og tonane drog med seg folket. Fleira av melodiane var kjende for publikumet frå kyrkje og bedehus, noko fleire trekte fram på kyrkjebakken etter konserten. Orkesteret avslutta med «When the Saints og marching in» og etter ståande applaus måtte dei ta eit ekstranummer.

Miriam Mandipira er opprinnlegeleg er frå Zimbabwe, men bur i Danmark. Ho har fleire gonger vore gjestekalist med tradbandet New Orleans Jazz Cab, som kjem frå Sørlandet. Konserten var ein del av sildajazzens sitt program. Ho tok med seg eit repertoar av nyare gospel og ein god dose «Jazzy Blues». Bandet, New Orleans Jazz Cab, gjenskapte stem-



ninga frå New Orleans i byrjinga av
førre århundre. Ein stil kalla «New
Orleans Revival», slik den musikken
vart spela midt på 50-tallet.



Walter Scott Jensen - piano, Geir Knutsen - tuba, Miriam Mandipira, Torbjørn Liene - trompet,
Ole Petter Ingvaldsen – trommer, Erling Kristensen - klarinett, Øyvind Frydenlund – banjo.

Kulturveldar i Skjold kyrkje

Haustprogrammet i kyrkja byrja med Sildajazz-konsert 6. august. Konserthen vart ei flott oppleving for ei talrik forsamling, og Kulturutvalet i soknerådet vil arbeida vidare for at dette vert eit årlig føretak.

Mørke haustkveldar krev gode, ljose stunder. I Skjold kyrkje blir det kulturveldane:

22. oktober:

Salmekveld med salmediktaren Ei-

vind Skeie og Tysvær blandakor.
Eivind Skeie har skrive 38 av salmane i den nye salmeboka, i tillegg har han oversett 17 salmar. Eit møte mellom ein salmeskapar, eit svært dyktig kor i ei vonleg fullsett kyrkje.

11. november:

Konsert med Tom Roger Aadland.
Låtskrivaren, tekstforfattaren, vokalisten og gitaristen frå Vikebygd vil fylla kyrkjerommet med vakre tolkin-

gar og eigne viser denne haustkvelden.

20. januar:

«Livskvalitet og livsglede.» Foredrag av forfattaren og foredragshaldaren May-Bente Høiland Lode. Arr. er eit samarbeid mellom Bygdekvinnelaget og Kulturutvalet.

Kom og fyll kyrkja!

Kulturutvalet i Skjold sokneråd

MØTER OG KUNNGJERINGER

Kyrkjeturnet – Ølen

Kids of Joy starter opp igjen!

Til hausten starter det opp igjen barnekor for Ølen og Ølensvåg ! Me ynskjer jenter og gutter frå 1-7. klasse velkommen til øvingar på Kyrkjeturnet.

Oppstart tirsdag den 15.sept. kl. 17.00.

Sjå meir på www.kyrkjeturnet.no og på Kyrkjeturnet sin facebookside.

Det blir bl.a. korseminar og konsert med SEVEN jentene laurdag den 24. og søndag 25. oktober, så følg med! Me gler oss og håper at mange barn vil møta opp og vera med i koret!

Dirigent er Gunnhild Marie Osaland.

BØNNE- OG LOVSANGSKVELD/ FELLESSKAP PÅ TVERS

Hausten 2015 blir det samlingar annakvar fredag kl. 20:00.

Dette er ei samling med lovprising, bønn og forbønn, deling og nattverd. Det er med folk frå alle bygder, ulik menighetstilknytning, ulik alder, etc. Me kan trygt kalla det «felleskap på tvers». Me ynskjer dette skal vera ein «vokseplass», dvs. at me ynskjer å hjelpe kvarandre i utvikling og kjennskap til Livet med Jesus.

TEMASAMLINGAR

Det vert 3 temasamlingar i haust – med hovudtema: «Levande Kristustru» - som er første setninga i visjonen vår. Det er eit ynskje om å ha gruppesamlingar mellom hovudsamlingane, og me oppmodar folk til å ta kontakt med Liv Herborg eller John Birger Wold for påmelding til grupper. Eksisterande grupper må gjerne vera med om dei ynskjer det.

Torsdag 3. September kjem Jens Ottar Theisen (evangelist frå Bergen) og skal ha tema: «Kristi radikale kjærlighet til folket».

Tirsdag, onsdag og torsdag 20.–22. Oktober kjem Olav Eikemo og har 3 samanhengande kveldar. Tema er litt usikkert pr. dato, men kan bli «Nådegavene i funksjon». Torsdag 12. November kjem Jens Ottar Theisen tilbake og har tema: «Kristi inderlige medfølelse med folket.»

Andre møte: Sjå også programoversikt i Hyrdingen s. 15, Heimesida www.kyrkjeturnet.no og på Facebook-sida til Kyrkjeturnet.

DAMENES AFTEN på Kyrkjeturnet i Ølen

For tredje år på rad inviterer Normisjon alle damer i Vindafjord og Etne til kristent fellesskap i ei triveleg ramme på Kyrkjeturnet i Ølen. Kvelden er: ONSDAG 28.0KT KL.19.30.

Tema denne gongen er:
MEIRSMAK.

Mette Boye frå Jørpeland vil ta oss med inn i temaet gjennom livsnær formidling utifrå Bibelen og eiga livserfaring. Ho er til dagleg leiar for eit treningsstudio på Jørpeland, der ho bur saman med familien. I tillegg driv ho ein god del med undervisning både i lokal-kyrkjelyden på Jørpeland og rundt omkring i landet elles.

God mat og tid til drøs rundt borda er ein viktig del av kvelden. Me ynskjer at kvelden skal gi meirsmak på fleire plan. Velkommen til å bli med!

Haustmarknad i VATS m/ loppesal og auksjon

Laurdag 17. okt. kl. 11:00 i Vindafjordhallen. Auksjonen startar ca. kl. 13:00

I tillegg til lopper vert det sal av: fine heimelaga ting, nysteikte potekaker m.m.

Kafé – Lykkehjul. Velkommen! Har du lopper, ta kontakt med: Karin Koltveit 994 45 694 eller Yngve Stødle 996 19 427. Arr.: Foreininga for nytt bedehus.soknehus

Vats pensjonistforening

Møte for hausten: 30. sep., 28.okt., 25.nov. Forskjellige kåseri, tema. Trekkspillmusikk og sang. Mat og kaffi. Kjekt vist DU og kjem.

Demensaksjonen 2015

Bøsseinnsamling 21.-27. sept. Ta vel imot oss. Basar på Kårhus bedehus 2. okt. kl 19:00. Velkommen. Nasjonalforeningen. Nedre Vats Helselag

Innsamling til Ukraina

Den politiske krisa og borgarkrigen i Ukraina har utløyst ei stor naud i landet. Særleg har det gått ut over dei fattige og arbeidslause, og hardast ramme er dei som bur i den austlege delen av landet. Open Heart driv eit omfattande hjelpearbeid, og dei har og fått tilgang til dei okkuperte områda i aust-Ukraina. Behovet for hjelp er

stort. Innsamlinga blir organisert slik:

Måndag 19. okt.. Austreimsbygda bedehus kl. 16:00 – 20:00

Tysdag 20. okt. Øvre Vats bedehus kl. 13:00 – 20:00

Onsdag 21. okt. Vikebygd bedehus kl. 16:00 – 20:00

Torsdag 22. okt. Vikebygd bedehus kl. 16:00 – 19:00

Ein bed om 50 kr. i transportstøtte for kvar sekke.

Møte på Vikebygd bedehus torsdag 22. okt. kl. 19:00. m/Hallvard Hasseløy

Vikedal Bedehus

Basar, onsdag 9. sept., kl. 19:00 på Vikedal Bedehus.

Andakt v/ Bjarne Hjelvik, Musikk:

Andreas Rosså

Loddal, Åresal, Kaffi og tid for fellesskap. Alle er velkommen.

Julemesse/ Basar

laurdag 7.nov. Opnar kl.14:00 Loddal og åresal; Kaffi og mat. Kl.15:00 Andakt/v Kamerun-misjonær Solveig Lunde Jekteberg. Song og musikk: Elisabeth Littlehamar og Lars Olav Fjetland, Suldal. Fint handarbeid frå Madagaskar. Arr: NMS-for. i Vikedal

Storsamling på Stemnestaden

6.9 kl.17.00. Tema: Guds ord - levande i dag? v/Hilde Halvorsen. Eige opplegg for barna. Husband. Kollekt. Avslutning med kveldsmat. Arr: Arbeidsgruppe for Storsamling på Stemnestaden v/Marita og Trond Havn, og Kjersti H. Bjerga. Normisjon.



ANNONSER OG KUNNGJERINGAR

Velkommen til Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg. Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon, Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)

 Vi er en del av  LUNDENESET VGS  Vi er en del av  LUNDENESET VGS 

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](#)

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Knaphus BIL



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knaphus Dekk & Bilverksted



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank SR-BANK



joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • [www.olenserter.no](#)  



Primærtjenesten Bjoa AS
Rep. av jordbruksredskap og mek. verksted
TLF. 53 76 97 61
Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

STELL AV GRAVPLASSER!

Kontakt Miriam:
93 21 66 79 / 52 75 88 60



VIKESTØLSMØTET 2015

Av Steinar Skartland

Dei samlast første gong til stemme på Vikestølen i året 1900, frå kyrkjesokna Vikebygd, Bjoa, Ølen, Skjold og Vats. 28. juni samlast igjen 35 turgårar ved hytta til det 115. møtet oppe i fjellet. Flest frå dei fem bygdene, eller med røter derfrå, men også andre som fekk lyst til ein fjelltur og evangelisk møte i fjellet.

Bjarne Hjelvik, tidlegare sokneprest i Vikedal, tala på møtet. Gjennom tidene har mange sokneprestar vore talalar her, mellom ei lang rek-

kje lekpredikantar. Her vart også solosong av Martha Marie Åsbø og mykje allsong til tonane frå Hans Asbjørn sitt trekkspel i samspel med Steinar på gitar.

I møtet vart markert at det i år er 70 sidan den andre verdskriga sluttar. Jørgen Landa hadde skreve ein song om både fredsdagen og dei som var med i motstandsrørsla. Så viste det seg at ein av dei som hadde vore med i ein av motstandsgjengane i Vats, var med på Vikestølen denne dagen. Claus Tørresdal, som nå er 90 år, hadde mykje spenn-

ande å fortelja frå den tida.

- Me skaut aldri på nokon, fortalte han, - men me var på øving oppe i skogen og øvde m.a. på å plukka sund og setja saman Stengun maskinpistol. Same type brukta eg under militærtenesta i 46. Claus stammar frå garden Tørresdal der andre slekter nå har teke over, men han er ennå med og bidreg i sogelaget Skjold og Vats.



VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Dato	KI	Kyrkje	Info
6. september 15. s.i treeiningstida Luk 10,39-42	11.00	Imsland kyrkje	Familiegudst. Konf.pres.Takkoffer: Konf.arb.
	11.00	Vikebygd kyrkje	Familiegudst. Konf.pres. 4-års bok. Takkoffer:
	17.00	Bjoa kyrkje	Familiegudst Konf.pres. 4-års bok. Takkoffer: Misjonsprosjektet
13. september 16. i.treeiningstida Matt 5,10-12	11.00	Sandeid kyrkje	Familiegudst. 4-års bok. Takkoffer: trusoppl.
	11.00	Ølen kyrkje	Høgmesse. Dåp og nattverd. Takkoffer: Blå Kors
	17.00	Skjold kyrkje	G-17 gudsteneste Nattverd. Takkoffer:
20. september 17. s.i treeiningstida Luk 17,11-17	11.00	Vikedal kyrkje	Høgmesse Nattverd. Gullkonf.fest. Takkoffer:Krk.arbeidet.
	11.00	Vats kyrkje	Hausttakkefest. 50-års konf.4-års bok.Takkoffer:
	11.00	Ølen kyrkje	Høgmesse. 50 og 60 årskonfirmantar. Nattverd. Takkoffer: Utstein pilegrims gard
	17.00	Vikebygd kyrkje	Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer:
27. september 18. s.i treeiningstida Matt 8,5-13	16.00	Imsland kyrkje	Hausttakkegudst. Predikant Roar Vik. Misjonsfokus. Takkoffer: NMS
	11.00	Ølen kyrkje	Høgmesse. Dåp og nattverd.Misjonsprest Magne Smørød. Misionssøndag. Takkoffer: NMS
	11.00	Skjold kyrkje	Familiegudst. 4-års bok. Takkoffer:
4. oktober 19. s.i treeiningstida Joh 7,14-17	16.00	Sandeid kyrkje	Hausttakkegudst. Predikant Roar Vik. Misjonsfokus. Takkoffer: Sambolabo.
	11.00	Bjoa kyrkje	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Trusopplæring Vindafjord
	11.00	Vats kyrkje	Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer: Nytt soknehus
11. oktober 20. s.i treeiningstida Mark 10,2-9	11.00	Vikedal kyrkje	Hausttakkegudst. Predikant Sverre Jakobsen. Misjonsfokus. Takkoffer: Ifanadiana.
	11.00	Ølen kyrkje	Høgmesse Nattverd. Takkoffer: Israelsmisjonen
	17.00	Skjold kyrkje	G-17 gudsteneste. Nattverd. Takkoffer:
18. oktober 21. s.i treeiningstida Luk 16,19-23	11.00	Imsland kyrkje	Fam.gudst.Nattverd. Takkoffer:Trusoppl.Utd. Mi kyrkjebok.
	16.00	Ølen kyrkje	Familiegudst. 4-års bok. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.
	11.00	Vikebygd kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer:
	17.00	Vats kyrkje	Misjonsgudsteneste. Takkoffer:
23. oktober	20..30	Ølen kyrkje	Ungdomsgudsteneste. Takkoffer: Åpne dører
25. oktober Bots-og bønedag Luk 18,9-14	11.00	Sandeid kyrkje	Bønegudsteneste. Takkoffer: KRIK, avd. Sandeid
	11.00	Skjold kyrkje	Speidargudst. Takkoffer: Speidararbeidet
31. oktober	16.00	Ølen kyrkje	Minnegudsteneste. Takkoffer: Kyrkjelyden sitt diakoniarbeid

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)

FRÅ KYRKJEBOKA

ØLEN

Døpte:

21.06 Daniel Grundberg
12.07 Thea Bertine Blikra-Vaka
02.08 Aksel Vannes Berge.

Vigde:

23.05 Kristine Øvrevik
Audun Andre Larsen
Julie Laurenze Hundhammer
Espen Homnes
06.06 Mona Åsheim
Alfred Hundseid Eikeland
20.06 Mari Risøy Vestbø
Morten Østenstad
08.08 Henriette Alne
Kjetil Gjellestad
15.08 Karina Disha Moe Stokke
Håvard Andreassen

Døde:

21.05 Torbjørg Nilsen f. 1934
01.06 Margit Berge f. 1922
14.06 Nelly Olga Berge f. 1919
10.07 Trygve Vik f. 1921

BJOA

Døpte:

07.06 Amalie Hundhammer

Vigde:

13.06 Aina Innbjo
Per Gunnar Hundhammer

Døde:

24.05 Astrid Oddlaug Vestbø f. 1936
18.07 Ragnar Øen f. 1925

VIKEDAL

Døpte:

28.06. Sofie Baustad

Vigde:

13.06. Rita Kristine Staknes og Steffen Aaker

SANDEID

Døpte:

21.06. Markus Lærdal Stople
21.06. Lilly Helgevold Fjelddalselv
26.07. Steffen Bjørnsen Andreassen

Vigde:

13.06. Marlen Vestre og Kristoffer Kaldheim Bjelland

MØTER OG KUNNGJERINGER

Øvre Vats bedehus

9. sept. onsdag kl. 19:30 Møte m.Muslimmisjonen
 10.9. torsdag kl. 18:00 basar til inntekt for bedehuset
 30.9. onsdag kl. 19:30 Møte m.Gideon
 20.10. tysdag 13-20:00 Innsamling til Ukraina (sjå eigen omtale)
 21.10. onsdag kl. 19:30 NLM

Kårhus bedehus

Det vert bøn for nytt bedehus/soknehus, på Kårhus Bedehus:

- 22.9. tysdag kl. 20:00 Bønemøte
 20.10. tysdag kl. 20:00 Bønemøte

Vikebygd bedehus

- 10.9. torsd. kl. 19:30 Møte m.BE-Gjengen/
 Orientmisjonen v/Ivan Vik
 19.9. laurd. kl. 15:30 Laurdagsklubb for borna
 (forteljing, hobby mm)
 25.9. fred. kl. 18:00 Basar for Normisjon v/Kørner Høie
 3.10. laurd. kl. 15:30 Laurdagsklubb for borna (forteljing, hobby mm)
 8.10. torsd. kl. 19:30 Møte Norsk Gideon v/Josef Nilsen
 17.10. laurd. kl. 15:30 Laurdagsklubb for borna (forteljing, hobby mm)
 22.10. torsd. kl. 19:30 Møte m.Hallvard Hasseløy
 31.10. laurd. kl. 15:30 Laurdagsklubb for borna (forteljing, hobby mm)

Vågen bedehus

- 6.9. sønd. kl. 19:30 Søndagsmøte
 8.9. tirsd. kl. 17:00 Dugnad
 9.9. onsd. kl. 19:30 Bønnemøte
 13.9. sønd. kl. 11:00 Søndagsskule
 13.9. sønd. kl. 19:30 Søndagsmøte
 16.9. onsd. kl. 19:30 Bønnemøte
 20.9. sønd. kl. 11:00 Søndagsmøte (NLM)
 23.9. onsd. kl. 19:30 Bønnemøte
 27.9. sønd. kl. 11:00 Søndagsskule
 27.9. sønd. kl. 19:30 Søndagsmøte
 30.9. onsd. kl. 19:30 Bønnemøte
 4.10. sønd. kl. 16:00 Søndagskaffi
 7.10. onsd. kl. 19:30 Bønnemøte
 11.10. sønd. kl. 11:00 Søndagsskule
 11.10. sønd. kl. 19:30 Søndagsmøte
 14.10. onsd. kl. 19:30 Bønnemøte
 18.10. sønd. kl. 19:30 Søndagsmøte (Israelsmisjonen)
 20.10. tirsd. kl. 17:30 Jentelaget og Gutelaget
 21.10. onsd. kl. 19:30 Nattverdmøte

Bedehusa i Skjold

- 08.09. Tysdag Ersland NMS Misjonsskapet
 15.09. Tysdag Austrheim Flymisjonen
 22.09. Tysdag Isvik NLM Misjonssamband
 29.09. Tysdag Ersland Samemisjonen
 06.10. Tysdag Austrheim Normisjon Temakveld
 13.10. Tysdag Isvik Norsk Gideon
 20.10. Tysdag Ersland BE-gjengen

Kyrkjetur - Ølen

- 3.9. Torsdag 11:00 Torsdagstreff
 3.9. Torsdag 19:30 Temasamling. Jens Ottar Theisen
 4.9. Fredag 19:30 Bønne- og Lovsangskv./ Felleskap
 6.9. Søndag 11:00 Showit
 11.9. Fredag 18:00 Klubb. Slutt 19.30.
 15.9. Tirsd 17:30 Barnekor
 18.9. Fredag 20:00 Bønne- og Lovsangskv./ Felleskap
 19.9. Lørdag Kyrkjeturdag
 25.9. Fredag 18:00 Klubb. Slutt 19.30.
 27.9. Søndag 19:30 Søndagsmøte NLM
 29.9. Tirsd 17:30 Barnekor
 1.10. Torsdag 15:00 Internasjonal eldredag
 2.10. Fredag 19:30 Bønne- og Lovsangskv./ Felleskap
 11.10. Søndag 19:30 Søndagsmøte v/GIDEON
 13.10. Tirsdag 17:30 Barnekor
 16.10. Fredag 20:00 Bønne- og Lovsangskv./ Felleskap
 20-22.10. Tir-Tor Temasamlinger v/Olav Eikemo
 23.10. Fredag 18:00 Klubb. Slutt 19.30.
 24.10. Lørdag Korseminar m/SEVEN-jentene
 25.10. Søndag Koncert i Kyrkja m/SEVEN-jentene
 + lokalt prosjektkor

Torsdagstreff på Kyrkjeturet Klokka 11:00 – 13:00

1. oktober, 5. november, 3. desember. Pris kr 50,-.
 Diakoniutvalet i Ølen

Klubbkveldar for born og unge frå Imsland,

Vikedal og Sandeid. Stad: Bedehuskjellaren i Vikedal

- 3.9. Torsdag 18:00-20:00 5.-7. kl. Klubbkveld
 4.9. Fredag 19:00-23:00 8.-10. kl. Klubbkveld
 17.9. Torsdag 18:00-20:00 5.-7. kl. Klubbkveld
 18.9. Fredag 19:00-23:00 8.-10. kl. Klubbkveld
 1.10. Torsdag 18:00-20:00 5.-7. kl. Klubbkveld
 2.10. Fredag 19:00-23:00 8.-10. kl. Klubbkveld
 15.10. Torsdag 18:00-20:00 5.-7. kl. Klubbkveld
 16.10. Fredag 19:00-23:00 8.-10. kl. Klubbkveld

Døde:

- 25.05. Harry Hilmar Hansen f. 1925.
 21.06. Borghild Hettervik Øvernes f.
 1939

SKJOLD

Døpte:

- 06.06. Thea Haraldseid
 07.06. Yngvild Tveit
 07.06. Sara Kalstveit Haraldseid
 09.08. Serine Tveit
 09.08. Tuva Wannberg

Vigde:

- 06.06. Ida Jodine Kristiansen og
 Stian Haraldseid

VATS

Døpte:

- 24.05. Liam Nordtveit
 24.05. Johannes Eskeland
 28.06. Sjur Torstveit
 28.06. Sean Haugland
 26.07. Louise Viland Hustoft

Vigde:

- 23.05. Elisabeth Ohm og
 Vegard Giljebrekke
 30.05. Therese Nordtveit og
 Morten Håland
 11.07. Nina Alvseike og Georg Matre

Døde:

- 21.07. Ingeborg Johanne Eikeland f. 1940
 22.07. Kristine Dagny Nordland f. 1929

VIKEBYGD

Vigde:

- 20.06. Linn Veim Dommersnes og
 Andreas Vågen
 09.08. Lonnie Lenaire Wilson og
 Henry Vik.

Døde:

- 08.06. Georg Valdemar Veastad f.
 1936
 09.07. Inger-Marie Svoldal Sætre f.
 1944

Lundeneset

Vel 90 deltagarar på leiren Vi over 60



Av Arne Borgemyr

I dagane 5. – 9. august vart den årlege leiren «Vi over 60» arrangert på Lundeneset. Den kjende kristenleiaren Anfin Skaaheim hadde bibeltimar, og forkynnaren Anne Kristine Rosberg frå Karmøy delte Guds Ord på kveldsmøta. Det var over 90 påmeldde, og etter leiren fekk leiarane mange gode tilbakemeldingar. Deltakarane hadde fått mykje godt for lekam og sjel!

Leiren er lagt opp med ein bibeltime på føremiddagen og kveldsmøte. I tillegg er det ei samling om ettermiddagen. Mellom samværa er det god tid til sosialt fellesskap både i matsalen og elles. Mange gir uttrykk for at dei ser fram til å oppleve dette fellesskapet, særleg dei som lever åleine til dagleg.



"Gamlepresten" Trygve Sandvik i Skjold var ein av dei som kom på fleire av møta. Her møtte han Geirtrud Straum som var leirdeltakar. Dei var misjonærar i Japan samtidig.

Guds ord sentralt

Dei som kjem, ønskjer å få høre Guds ord og bli oppbygga i trua. Difor set dei pris på forkynninga. I år fekk dei bibeltimar der Anfin Skaaheim gjekk i djupna om Guds gaver til oss og understreka særleg at Jesus er den gåva som gir oss rett

til å stå for Guds ansikt med våre liv. Anne Kristine Rosberg forkynte varmt og nært om vegen til Gud. Den eine kvelden var temaet: «Med blikket festa på Jesus». Ekteparet Bør Erik og Siw Ulvang og Alice Tjelta Haaland deltok kvar sin kveld med fin song. Også deltakarane fekk dele trua med kvarandre på vitnemøte.

Utflykt

Eit fast innslag i leiren er ein tur ein av dagane. I år drog vi med buss til den gamle kyrkja på Moster og amfiet der me fekk god orientering om utstillinga *Frå heidendom til kristendom*. Det vart også vist ein film om same tema. For mange var det og ei fin opplevelse å få sjå innom det nye bedehuset på Moster der leiaren i styret orienterte om korleis dei driv bedehuset der.

"60+ treff" i Skjold kyrkje hausten 2015

Skjold sokneråd ved diaconiutvalet ønskjer velkommen til uformelle, sosiale samvær i kyrkjelydsalen 3 torsdagar til hausten: Her blir prat med kaffi og litt attåt. Sjå plakatar. 24.sept, 29.okt og 26.nov kl.14.00 - kl.16.00.
VELKOMMEN!

Bygdaweekend for Skjold kyrkjelyd

Helga 18.- 20. sept., Vaulal i leirstad, Tau.
Påmelding/spørsmål:
Gunnbjørg Nesbu, 971 57 267.
Anne-Margrete Gregersen, 995 140 14
Arr.: Soknerådet



Neste nummer av Hyrdingen
kjem ut 22. oktober
Frist for levering av stoff er:
26. september